



Helse- og omsorgsdepartementet

Postb. 8011 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
12/75-95/N-000//KAWV

Dykkar ref.

Dato:
19.12.2013

Høyringsuttale frå Kvam herad vedr. Høyring- endringar i alkoholregelverket

Kvam heradsstyre har i sitt møte 17.12.2013 kome fram til følgjande høyringsuttale:

Me synar til høyringsnotat dagsett 8.10.13, og vil med dette å gje vår uttale til forslag til endringar i alkoholregelverket.

Kvam herad har ansvar for sals- og skjenkekontrollen for 11 kommunar i Hardanger og omkringliggande kommunar, ei ordning som har eksistert i 16 år. Desse kommunane er Voss, Ulvik, Eidfjord, Granvin, Vaksdal, Samnanger, Fusa, Jondal, Ullensvang, Odda og Kvam. I 2013 utgjer dette 72 salsløyver og 134 skjenkeløyver, i tillegg kjem alle ambulerande og einskilde løyver. Dette plasserer sals- og skjenkekontrollen i Kvam blant dei største i landet.

Sals- og skjenkekontrollen i Kvam jobbar etter eit grunnleggjande prinsipp: *Samarbeid framfor kontroll*. Med dette meinast at tett dialog med sals- og skjenkestadane, med tilbod om råd og kurs, står sentralt i vårt arbeid. I tillegg kjem kontroll av løyva. Dette arbeidet har over år gjeve gode resultat. No ynskjast sals- og skjenkekontrollen velkomne på kontroll, og vert hyppig brukt av løyvehavarane i sin interne opplæring.

I dag er det sjeldan at avvik avdekkast, og når det skjer brot på alkohollova eller villkår sett av kommunane, er det som oftast hjå dei nyleg etablerte plassane, eller det er opplagt at det ikkje skjer av «vond vilje». Avvik vert teken opp med løyvehavarane, og tiltak for å unngå at det skjer igjen vert drøfta. Det er sjeldan at avvik fører til noko meir enn ein åtvaring, og som regel vert tilhøva retta opp tilfredstillande.

Prikktildeling

Kvam herad ynskjer likevel normerte reglar for inndraging av løyve velkommen. Dette fordi me ser at i dei høve det er aktuelt med ein skarpere reaksjon enn åtvaring, er det sjeldan at det fører til inndraging. Det trur me er fordi reglane for inndraging gjer høve til for mykje skjønn, og det er lett å la seg leda til ein mildare reaksjon enn brotet skulle tilseie. Me støttar difor forslaget om å gå frå ein «kan-føresegn» til ein «skal-føresegn».

I utgangspunktet er eit prikktildelingssystem ein god tanke. Me støttar departementets vurderingar i høve føreseielegheit, likebehandling, enklare sakshandsaming osv. Det me ynskjer oss er ein meir detaljert ordning. Slik forslaget er i dag, tykkjer me ordninga blir for «enkel». Med enkel meiner me at det føreslåtte systemet kan slå feil ut i begge retningar. Til dømes vil skjenking til ein person på 17 år kunne føre til same reaksjon som skjenking til ein på 13 år, sjølv om alvoret er større for skjenking av ein på 13 år. Det er teke inn ein mogelegheit for å vurdere strengare reaksjon ved skjerpande høve. Dette meiner me, slik forslaget føreligg no, opnar for at skjønn får ein for stor betyding enn det burde. Me fryktar at ein i iveren etter å laga eit enkelt opplegg, gjer det for enkelt slik at det ikkje fangar opp nyansar og alvoret i brota.

Kvam herad støttar forslaget om at minstereaksjon ved maks antal prikkar bør vere ein veke, og oppteningstid på 3 år.

Auka krav til kontroll

Sals- og skjenkekontrollen i Kvam har over fleire år opparbeida eit svært godt samarbeidsklima med næringa. Kvam er også med i «Ansvarleg alkoholhandtering» i regi av KoRus Bergen. Me forstår tenkinga bak kravet om to kontrollørar, t.d rettssikkerheit for løyvehavarane. Likevel vil eit krav om to kontrollørar på alle kontrollar føre til ein overdriven ressursbruk og ein mykje dyrare teneste for dei 11 kommunane som tek del i samarbeidet. Me meiner at dette kravet må justerast, og at det i større grad må vere opp til kommunane sjølv å vurdere når det er behov for to kontrollørar, ut i frå sin lokale kjennskap til tilhøva.

Sals- og skjenkekontrollen har veldig god erfaring med tett dialog og kursing av sals- og skjenkeklassane. Me opplever ein næring som er opptekne av å gjere ting riktig, og som har eit ynskje om å drive på ein forsvarleg måte. Me er av den oppfatning at sjølv om dei føreslåtte krava til kontroll vert vedtekne, vil det aldri vere mogleg å avdekka alle avvik og brot som skjer. Difor meiner Kvam herad at effekten av auka krav vere mindre enn kva det vil koste. Me meiner at det kunne vert sett større krav til løyvehavarane i høve kursing og kontinuerlig opplæring framfor auka krav til kontroll. Ein måte å sette eit slikt krav, kan vere å innføre ein form for ansvarleg alkoholhandtering som eit krav for å få løyve. Dette kan anten vere som obligatoriske kurs, prøver eller liknande.

Når det gjeld krav om at kontroll skal skje i skjenketidens siste timer, er dette eit krav som me meiner det kan vere aktuelt å innføre. For sals- og skjenkekontrollen sin vedkommande, vil dette vere i tråd med slik vi organiserer våre kontrollar i dag.

Som ein mogelegheit kan det også vere aktuelt å innføre krav om to kontrollørar i gitte tidsrom og på gitte skjenkeplasser. T.d. ved kontroll på skjenkeplassar i helgane etter kl. 23.00. Sannsynet for at avvik og brot skjer i dette tidsrommet, er nok større enn elles fordi det er fleire folk og meir uoversiktlig. Då kan det også vere på sin plass å krevja to kontrollørar.

Kvam herad støttar forslaget om at kontrollørane skal ha bestått ein tilpassa form av kunnskapsprøven.

Kunnskapsprøven

Kvam herad støttar forslaga knytt til kunnskapsprøven.

Løyvegebyr

Kvam herad støttar i utgangspunktet forslaget om å dele opp løyvegebyret i eit søknadsgebyr og eit omsetnadsgebyr. Eit søknadsgebyr på 8000 kroner vil truleg verka urimeleg stort for dei aller fleste av sals- og skjenkeklassane i vår region. Det er berre eit fåtal som har ein omsetnad større enn at dei fell inn under minstesatsen på 4050 kroner i dag. Sjølv om omsetnadsgebyret går noko ned med ein slik ordning, vil likevel det føreslåtte beløpet synast å vere for høgt.

Kvam herad meiner at det bør opnast for eit søknadsgebyr, men at det må vere opp til kvar einskild kommune å setje gebyret ut frå lokale behov slik det gjerast i mellom anna plan- og bygningslova. Kravet må vere at kommunen ikkje tener pengar på løyva, men at dei dekker dei faktiske kostnadane kommunen har med sakshandsaming.

Satsar for omsetnadsgebyr kan fortsatt vere sett gjennom forskrift slik det er i dag.

Med helsing

Kari Weltzien Vik
Leiar politisk sekretariat

Kopi til:
Bjørnar Dagstad